

Tiltak frå regjeringa for styrking av nynorsk

Kunnskapsdepartementet:

- **Læremiddel i tide**

Kunnskapsdepartementet vil vidareføre tiltak frå 2008 og setje i verk nye tiltak for å sikre at nynorskelevar skal få læremiddel til rett tid og i rett målform.

- Ei ekstraløyving på 6 mill. kroner til å støtte produksjon av nynorske læremiddel i 2009
- Tett oppfølging av dei rutinane fylkeskommunane har for innkjøp. Det skal utarbeidast ein bestillarguide for å styrkje innkjøpskompetansen til fylkeskommunane og for å sikre gode kontraktar med forlaga m.m.
- Rapportering om læremiddel frå forlaga for å få informasjon om kva for forlag som produserer parallellutgåver
- Elevrapportering ved skulestart
- Betre tilgangen til digitale læremiddel. Nye forskriftene til kapittel 17 i opplæringslova skal gjere det tydeleg kva eleven har rett til av læremiddel i eiga målform. Kravet til parallellutgåve av læremiddel gjeld digitale læremiddel på lik linje med trykte læremiddel.

Nærmare om rapporteringsrutinane

Kunnskapsdepartementet vil i 2009 ha to rapporteringsrundar frå fylkeskommunane om tilgangen til læremiddel. Fylkeskommunane skal i mars rapportere om korleis dei skal få lærebøkene fram i rett tid til elevane i dei vidaregåande skulane, og skal ved skulestart rapportere om status. I rapporteringsrundane vil det bli lagt vekt på at berre læremiddel som ligg føre både på bokmål og nynorsk, skal nyttast i skulen.

Våren 2009 vil Kunnskapsdepartementet gjennomføre ei undersøking av forlaga for å sjå om produksjon og levering av læremiddel til vg 1 er i rute og for å få opplysningar om kva som blir produsert i parallellutgåver.

Ved skulestart vil Kunnskapsdepartementet be elevane om å rapportere om læremiddelsituasjonen for å få informasjon om tilgangen til læremiddel på nynorsk og bokmål.

- **Betre nynorskopplæring**

Kvaliteten i sidemålsundervisninga må bli betre for å styrkje motivasjonen til elevane, slik at ein får til eit betre arbeid med sidemålet og for å sikre gode resultat i opplæringa.

Nynorsksenteret ved Høgskulen i Volda vil få i oppdrag å utforme ein tiltaksplan for nynorsk i utdanninga (jf. St.meld. nr. 23 (2007-2008) Språk bygger broer, kap. 4.2.)

- **Språkleg identitet og nynorsk som kvardagsspråk**

Kunnskapsdepartementet ønskjer å leggje til rette for at det skal vere mogleg for barn og unge å etablere ein sikrare identitet, kulturelt og språkleg, og at nynorsk skal bli ein meir naturleg del av den språklege kvardagen for barn og unge i barnehage og skule.

- **Auka innsats for nynorsk som sidemål og som hovudmål**

Kunnskapsdepartementet ønskjer å styrkje innsatsen for å utvikle og spreie kunnskap om praktiske og motiverande undervisningsmetodar for ei integrert lese- og skriveopplæring i nynorsk som sidemål. Vidare er det ei særleg utfordring å stimulere til at elevar som har nynorsk som hovudmål, held fast ved målforma etter grunnskulen.

- **Kompetanseutvikling i nynorsk for lærarar og førskulelærarar**

Nynorsksenteret driv eit arbeid for å styrkje nynorskopplæringa i skulen. Dette arbeidet er det viktig å intensivere for å få til eit breitt engasjement for betre nynorskopplæring.

- **Betre kunnskapsgrunnlag om nynorskopplæringa**

For å styrkje nynorskopplæringa treng vi eit betre kunnskapsgrunnlag gjennom statistikk og forskning. Til dømes treng vi informasjon om kor mange og kvifor elevar skiftar frå nynorsk til bokmål ved overgangen til vidaregåande skule.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet:

- **Klart språk i staten**

Rundt årsskiftet 2008/2009 lanserer FAD eit prosjekt for klart og godt språk i staten. Prosjektet gjeld både bokmål og nynorsk, og siktemålet er at språket i statsforvaltninga skal bli klarare og enklare å forstå for innbyggjarane. FAD løyver totalt ca. 4 millionar kronar til prosjektet.

- **Nynorskkurs for statstilsette**

Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) skal i 2009 utvikle nynorskkursa for statstilsette. Kursa rettar seg primært mot dei som har nynorsk som sidemål. Målet er vesentleg høgare deltaking i kursa enn det det har vore til no.

Kommunal og regionaldepartementet

- **Omdømmebygging**

Regjeringa har etablert Ry, ei eiga nettside for omdømmebygging i kommunar og regionar i Distrikts-Noreg. Nettsida er eit av fleire tiltak i satsinga frå regjeringa for å styrkje omdømmet i distriktskommunane. Nynorsk vil vere ein ressurs i dette arbeidet.

- **Pris til nynorsk-kommune**

Departementet vil skipe til ein ny pris til årets nynorsk-kommune. Kriteria for prisen vil bli utarbeidde saman med "Landslaget for nynorsk-kommunar."

- **Kommunar skal rapportere om bruk av nynorsk**

I kommuneproposisjonen for 2009 har regjeringa for første gongen omtalt bruk av nynorsk i kommunane. Departementet vil seinare ta stilling til korleis denne rapporteringa skal gjennomførast.

- **Nynorskkurs for saksbehandlarar**

Departementet vil utfordre KS til leggje til rette for fleire og betre kurs i bruk av nynorsk for saksbehandlarane i både kommunar og fylkeskommunar.

Kultur- og kyrkjedepartementet:

Det er i statsbudsjett for 2009 foreslått auke i tilskotta til fleire nynorsktiltak, mellom anna til teatra som har oppsetjingane sine på nynorsk og såleis medverkar til at det nynorske språket er i aktiv bruk.

- Det Norske Teatret, tilskottet aukar med 6,3 millionar kroner.
- Hordaland Teater, tilskottet aukar med 1 million kroner.
- Sogn og Fjordane Teater, tilskottet aukar med 1 million kroner.
- Noregs mållag, tilskottet aukar med 500 000 kroner.
- Produksjonstøtta til nynorsk litteratur, tilskottet aukar med 200 000 kroner.
- Landsamanslutninga for nynorskkommunar, tilskottet aukar med 500 000 kroner.
- Diverse tiltak for å følgje opp språkmeldinga og opprettinga av Vinjefondet får fire nye millionar.
- Nynorsk kultursentrum, tilskottet aukar med 1 million kroner.
- Nynorskpris for journalistar, tilskottet aukar med 15 000 kroner.
- Til saman har nynorsktiltak under KKD ein auke på 15,7 millionar kroner.

Stortingsmeldinga frå KKD om språk, *Mål og meining*, har eit eige kapittel om nynorsk. I meldinga blir det varsla at det skal opprettast ein Språkbank som også nynorsken vil ha nytte av. Det blir i 2009 sett av 2,5 millionar kroner til oppstart av dette arbeidet.

Ein vil i dei årlege statsbudsjetta ta sikte på å gi dei særskilde nynorskinstitusjonane gode rammevilkår.

I tråd med lovnaden frå Kulturløftet vil det bli oppretta eit eige fond, Vinjefondet, med hovudformål å styrkje nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd.